



NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet

Vedlegg nr. 3

Saksbehandlar:
Synnøve Vilsvik
Vår dato: 03.11.2025

Sak 61/25 Økonomirapportering for Miljøløftet pr. 2.tertial 2025

Bakgrunn

Denne saka gir ei oversikt over årsprognose for alle prosjekt med aktivitet i inneverande år i Miljøløftet. Prosjekta er vedtatt av styringsgruppa til Miljøløftet gjennom årleg rullering av handlingsprogrammet. Det er år 2025 i handlingsprogram 2025-2028 som er utgangspunkt for rapporten, men nokre prosjekt kan også tilhøyra tidlegare handlingsprogram. Rapporten er sortert etter dei ulike finansieringskjeldene i Miljøløftet.

Økonomirapporteringa pr. 2. tertial byggjer på rapporter levert av partane som har prosjekteigaransvar for ulike prosjekt og tiltak. Det er viktig å merke seg at fleire av rapportane ikkje nødvendigvis har vore målretta mot Miljøløftet, men at dei er del av den formelle rapporteringa frå organisasjonen mot staten og/eller internt i eiga linje. Sekretariatet tilpassar rapportane og legg til rette for at styringsgruppa i Miljøløftet får nødvendig oversikt og dermed har grunnlag for å kunne drive ansvarleg porteføljestyling. I nokre tilfelle har det blitt etterspurt ytterlegare informasjon for å avklare utydelegheiter. Saka byggjer med dette på rapportering basert på gjeldande økonomirapporteringsrutinar, vedtekne av styringsgruppa i desember 2021, sak 73/21.

Oppbygging av økonomirapport for 2. tertial

Rapporten er strukturert slik:

- Oppsummering
- Overordna prognose pr. 2. tertial 2025 for byvekstavtalen
 - o Årsaker til mindreforbruk
- Post 30 Programområdemidler
 - o Post 30 på riksveg
 - o Post 30 til 66 på fylkes- og kommunalveg
- Post 66 Tilskot til byvekstavtalar
 - o Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk (Skyss)
 - o Tilskot til reduserte billettprisar (Skyss)
 - o Tilskot til betre kollektivtilbod
 - o Belønningsmidlar til kommunane
- Fylkeskommunalt bidrag
- Bypakke Bergen

Oppsummering

Her er ei oppsummering av dei viktigaste momenta frå rapporten:

- **Endringar i budsjettramme og lågare aktivitet på riksveg:** Ved førre rapportering blei det meldt om ei varig innsparing på 39 mill. Ramma til byvekstavgiften på post 30 for 2026 er trekt ned med tilsvarende beløp, og budsjettert på andre område på post 30. Mindreforbruket er derfor tatt ut av rapporten for 2. tertial. Årsprognosen for riksvegprosjekta svarer til eit mindreforbruk på 86 mill. grunna forseinkingar og lågare aktivitet på fleire prosjekt. Med budsjettendringa teke i betraktning, er dette ein auke på 43 mill. sidan 1. tertial.
- **Det er lågare mindreforbruk på fylkes- og kommunal veg enn tidlegare:** Årsprognosen for post 30 til 66 (fylkes- og kommunalveg) viser eit mindreforbruk på 15,7 mill. grunna forseinkingar på to prosjekt. Avviket er vesentleg lågare enn tidlegare år og noko lågare enn ved 1. tertial. 1,3 mill. av avviket kjem frå varige innsparingar som kan omdisponerast andre prosjekt.
- **Nedjustert årsprognose for post 66 – belønningsmidlar til kollektiv:** Skyss sin årsprognose er nedjustert med 6 mill. sidan 1. tertial grunna forseinka oppstart på ny produksjon. Elles er prognosen i tråd med Skyss sin langsiktige plan for bruk av belønningsmidlar (jf. sak 50/24 i styringsgruppa).
- **Utbetaling av belønningsmidlar til kommunane:** Fylket har betalt ut 43 mill. i belønningsmidlar til kommunane. Det står att 16,3 mill. på fond hos fylket, øyremerkte kommunane. Dei fleste kommunane planlegg å bruke opp belønningsmidlane som står på eigne fond innan utgangen av 2025.
- **Årets løyving og årsprognose redusert over det fylkeskommunale bidraget:** Vestland fylkeskommune har redusert årets løyving og årsprognose sidan førre rapportering. Det er no venta eit mindreforbruk på om lag 19 mill. Ein del av dette skuldast forseinkingar og endra framdrift i prosjekta. Av det totale mindreforbruket kjem 9 mill. av at nokre prosjekt ikkje er lyst ut enno, fordi det ikkje blei løyvd midlar over statsbudsjett 2025 til desse.
- **Det er venta å bruke 116 mill. av bompengainntekta i år:** Prosjekt som blir finansiert av bompengar i 2025 er *Bybanen BT5 prosjektering og grunnerverv, Bybanen BT5 reguleringsplanarbeid, Bybanen BT4 og Hjellestadvegen*, og årsprognose for desse er 116 mill. Netto bompengainntekt er venta å bli 876 mill., noko som gir ein saldo på 760 mill. ved årsslutt.

Overordna prognose pr. 2. tertial 2025 for byvekstavtalen

Tabell 1 viser at prosjekta i byvekstavtalen har ei samla løyving på **1,2 mrd.** i 2025, med ein årsprognose på **1,3 mrd.** ved 2. tertial. Det er eit venta mindreforbruk på om lag **220 mill.** i 2025. Til samanlikning var mindreforbruket i 2024 på 272 mill. Årsprognosen for post 30 til 66 (fylkes- og kommunalveg) er høgare enn årets løyving, noko som tyder på at ein del av etterslepet frå tidlegare er planlagt teke igjen i år. Det same gjeld årsprognosen for post 66 – belønningsmidlar til kommunane.

Mindreforbruket fordeler seg slik:

- **85,8 mill.** over post 30 riksveg
- **15,7 mill.** over post 30 til 66 fylkes- og kommunalveg
- **99,7 mill.** over post 66, belønningsmidlar og bompengeforliket
- **18,8 mill.** over det fylkeskommunale bidraget

Årsaker til mindreforbruk

1. Forseinkingar i prosjektgjennomføring

- Etterslep frå tidlegare år: Nokre prosjekt har blitt forseinka over tid, og dette påverkar framdrifta også i 2025.
- Nye forseinkingar i inneverande år: Det har oppstått nye forseinkingar som gjer at midlar ikkje blir brukt som planlagt.

2. Manglande statleg finansiering

- Nokre prosjekt som er klare for byggestart har ikkje fått nødvendig statleg løyving i 2025. Dette hindrar framdrift og fører til at lokale midlar blir ståande ubrukt.

3. Planlagt mindreforbruk

- Ein del av mindreforbruket er planlagt for å sikre midlar til framtidige driftskostnader for kollektivtransport.

Av det samla mindreforbruket er 26 mill. planlagt, medan 9 mill. skuldast forseinkingar grunna manglande statleg finansiering av prosjekt på fylkeskommunal veg.

Økonomirapportering per 2. tertial 2025 (Tal i 1000-kr)							
Finansieringskjelde	HP25-28 år 2025	Løyving 2025	Overført frå tidl. år	Til disposisjon 2025	Årsprognose v/T2	Avvik	Kommentar
Post 30: Programområdemidlar riksveg	183 817	184 000	68 507	252 507	166 700	85 807	Mindreforbuk har auka med 43 mill. sidan 1. tertial, og kjem av forseinkingar og lågare aktivitet på fleire av prosjekta.
Post 30: Programområdemidlar kommunal og fylkesveg	180 448	162 200	107 056	269 256	253 517	15 739	Venta mindreforbruk er noko redusert sidan 1. tertial, og vesentleg lågare enn førre år. Avvik kjem av forseinkingar på to av prosjekta.
Post 66: Belønningsmidlar til tilskotsordningar i byområder:							
Kommunane	49 300	47 826	51 929	99 755	82 667	17 088	Lite endring i årsprognose sidan 1. tertial. Avviket viser til samla fond i både kommune og hos fylket ved årsslutt.
Drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)	396 000	393 974	19 637	413 611	381 000	32 611	Prognosen er nedjustert med 6 mill. sidan 1. tertial grunna forseinka oppstart på ny produksjon. Det resterande avviket på 26 mill. er i tråd med Skyss sin langsiktige plan for bruk av midlane.
Post 66: Betre kollektivtilbod	132 000	131 200	49 309	180 509	130 509	50 000	Bruken av midlar vil vere i tråd med tidlegare vedtak i styringsgruppa, men grunna lang leveringstid på naudsynt utstyr vert noko av midlane først nytta i 2026.
Post 66: Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk	60 000	60 400	0	60 400	60 400	0	Midlane blir nytta til reduksjon av pris på periodebillett.
Fylkeskommunalt bidrag	303 591	250 550	0	250 550	231 694	18 856	Fylket har redusert årets løyving og årsprognose sidan 1. tertial. Fylket rapportera om endra framdrift og forseinkingar på nokre av tiltaka. Av det samla mindreforbruket kjem 9 mill. av at nokre prosjekt ikkje er lyst ut enno, då det manglar statleg løyving.
Sum byvekstavtalen	1 305 156	1 230 150	296 438	1 526 588	1 306 487	220 101	

Tabell 1 - Oppsummeringstabell byvekstavtalen (tal i heile 1000-kr)

Post 30 Programområdemidler

Post 30 på riksveg

Tabell 2 viser total- og årsprognose for prosjekt finansiert av post 30-midler på riksveg i 2025. Statens vegvesen har levert oppdatert status og avviksforklaringar. Det er fire prosjekt som har løyving over årets statsbudsjett.

Total- og årsprognose

Det er ikkje meldt om endringar i prognose for totalkostnadar sidan førre rapportering knytt til denne finansieringskjelda.

Ved 1. tertial blei det rapportert om ei varig innsparing på 39 mill. på det ferdige prosjektet *E39 Sykkeltamveg, Kristianborg – Bergen sentrum*. Ramma til byvekstavtalen på post 30 for 2026 er trekt ned med tilsvarende beløp, og budsjettet på andre område på post 30. Mindreforbruket er derfor tatt ut av tertialrapporten for 2025. Budsjettendringa frigjer midlar til framtidige prosjekt i Bergen som blir spelt inn til Miljøløftet sitt handlingsprogram.

Årsprognosen for post 30 riksveg viser ved 2. tertial eit venta mindreforbruk på om lag 86 mill. Med budsjettendringa nemnt ovanfor teken i betraktning, er det venta mindreforbruket 43 mill. høgare enn ved førre tertialrapportering (1. tertial: 82 mill. inkludert varig innsparing på 39 mill.). Mindreforbruket kjem av forseinkingar og lågare aktivitet på fleire prosjekt. Sykkeltamvegprosjektet *Nesttun – Hop* har eit venta meirforbruk på 2 mill. grunna økte konsulentkostnader og behov for meir geotekniske grunnundersøkingar.

Prosjekt	PROGNOSE TOTALKOSTNAD			PROGNOSE ÅRSREKNESKAP					
	Totalkostnad HP25-28	Prognose totalkostnad	Avvik	Løyving 2025	Overført frå tidl. år	Til disposisjon 2025	Rekneskap pr. 30.08.25	Årsprognose v/T2	Avvik
E39 Osbanen, Nesttun - Skjold	412 940	399 000	13 940	130 000	43 091	173 091	56 068	110 000	63 091
E39 Bradbenken - Glassknag	249 447	220 000	29 447	50 000	24 601	74 601	44 400	50 800	23 801
Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien	12 958	13 000	-42	2 000	0	2 000	200	1 000	1 000
Sykkelstamveg del 3, Nesttun - Hop	21 005	21 005	0	2 000	815	2 815	3 446	4 900	-2 085
Sum post 30 - midlar riksveg	696 350	653 005	43 345	184 000	68 507	252 507	104 114	166 700	85 807

Tabell 2 - Prognose for prosjekt finansiert av post 30-midlar til riksveg (tal i heile tusen kr)

Post 30 til 66 på fylkes- og kommunalveg

Tabell 3 viser total- og årsprognose for prosjekt finansiert av post 30 til 66 på fylkes- og kommunalveg. Det er ni prosjekt som har tilgjengeleg tilskot over denne ordninga i 2025, anten det er ubrukte midlar frå 2024, nye midlar over årets statsbudsjett eller omdisponerte midlar frå ferdige prosjekt med mindreforbruk. I tillegg er det lagt inn ein samlepott som viser tilgjengelege midlar for omdisponering, som for tida er på 1,3 mill. Kommunane og fylket har levert prognose til Statens vegvesen. Statens vegvesen har sendt si prognose til sekretariatet, som er grunnlaget for tabell 3.

Total- og årsprognose

Det er ikkje meldt om endringar i prognose for totalkostnadar sidan førre rapportering knytt til denne finansieringskjelda.

Det er lite endringar i årsprognosen sidan 1. tertial. Tabell 3 viser eit venta mindreforbruk på 15,7 mill. over post 30 til 66, som er noko lågare enn ved førre rapportering. Det er framleis prosjekta *Hatvikvegen* i Bjørnafjorden og *Grønamyrsvegen* i Øygarden som grunna forseinkingar har størst venta mindreforbruk over denne finansieringskjelda.

Byggherre/ kommune	Prosjekt	PROGNOSE TOTALKOSTNAD		PROGNOSE ÅRSREGNSKAP 2025				
		Totalkostnad HP (kun post 30)	Prognose totalkostnad (alle fin.kilder)	Løyving 2025	Overført frå tidl. år	Til disposisjon	Årsprognose v/T2	Avvik
Askøy	Kleppevegen ved Myrane	147 450	217 000	59 700	-	59 700	59 600	100
Bjørnafjorden	Hatvikvegen	174 055	173 249	9 900	43 250	53 150	47 500	5 650
Øygarden	Grønamyrsvegen	71 100	56 300	-	47 407	47 407	40 000	7 407
Alver	Sagstadvegen	44 099	51 289	3 100	11 300	14 400	14 400	0
Askøy	Kvernhusdalen	25 600	20 300	4 000	5 099	1 099	157	942
Bjørnafjorden	Åsen-Helleskaret	57 500	57 600	57 600		57 600	57 600	0
Alver	Knarvikplanen	31 014	29 400	19 400		19 400	19 400	0
Alver	Manger kirke-Hesthaugen	1 724	3 864	2 000		2 000	1 660	340
Bjørnafjorden	Trolldalen	8 564	13 200	13 200		13 200	13 200	0
Bergensområdet	Mindreforbruk lokal veg			1 300		1 300	-	1 300
	Sum post 30 til 66	561 106	622 202	162 200	107 056	269 256	253 517	15 739

Tabell 3 - Prognose for prosjekt finansiert av post 30 til 66-midler til fylkes- og kommunalveg (tal i heile 1000-kr)

I det samla mindreforbruket inngår ei varig innsparing på 1,3 mill. som kan omdisponerast andre post 30-prosjekt. Tabell 4 viser ei oversikt over ferdige prosjekt med innsparingar dei siste åra, samt prosjekt som har fått midlar tildelt frå desse. I sak 22/25 i styringsgruppa blei det vedtatt at prosjekta *Manger kirke-Hesthaugen* og *Trolldalen* skal få omdisponert til saman 15,2 mill. i år.

Prosjekt	Omdisponert
Kv1027 Fortau langs Gymnasvegen	-239 970
Kulvert og busstopp – Idrettsvegen	-2 172 149
Fv. 5254 Kleppevegen ved Myrane	-10 100 000
Kv. 1158 Kvernhusdalen	-4 000 000
Fv565 Manger kirke-Hesthaugen, fortau	2 000 000
Fv5150 Trolldalen-Lepsøvegen	13 200 000
Disponibelt beløp	-1 312 119

Tabell 4 – Oversikt over tilgjengelege midlar for omdisponering

Post 66 Tilskot til byvekstavtalar

Tabell 5 gir ei oversikt over prognose for bruk av belønningsmidlar over post 66 Tilskot til byvekstavtalar i 2025. Årsprognosen for post 66-midlar tilseier at det vil stå om lag 99 mill. på fond hos fylket ved utgangen av 2025, fordelt mellom Skyss og kommunane. Avvika blir forklarte nærare i dei neste avsnitta.

Post 66 - Belønningsmidlar og regjeringa si bompenggeavtale	VLFK Fond 31.12.24	Løyving 2025	Til disposisjon	Utbetaling 2025	Avvik
Belønningsmidlar	31 178	441 800	472 978	424 015	48 963
<i>Skyss</i>	<i>19 637</i>	<i>393 974</i>	<i>413 611</i>	<i>381 000</i>	<i>32 611</i>
<i>Bergen</i>	<i>2 932</i>	<i>33 432</i>	<i>36 364</i>	<i>36 157</i>	<i>207</i>
<i>Alver</i>	<i>3 192</i>	<i>3 461</i>	<i>6 653</i>	<i>-</i>	<i>6 653</i>
<i>Askøy</i>	<i>3 867</i>	<i>3 475</i>	<i>7 342</i>	<i>1 260</i>	<i>6 082</i>
<i>Bjørnafjorden</i>	<i>1 550</i>	<i>2 927</i>	<i>4 477</i>	<i>3 500</i>	<i>977</i>
<i>Øygarden</i>	<i>-</i>	<i>4 531</i>	<i>4 531</i>	<i>2 098</i>	<i>2 433</i>
Tilskot til reduserte billettprisar	-	60 400	60 400	60 400	-
Tilskot til betre kollektivtilbod	49 309	131 200	180 509	130 509	50 000
<i>Planarbeid knytt til KDP Vest</i>	<i>1 000</i>		<i>1 000</i>	<i>1 000</i>	<i>-</i>
<i>Vedlikehald bybanevogner og infrastruktur</i>	<i>35 000</i>		<i>35 000</i>	<i>35 000</i>	<i>-</i>
<i>Straksinnløyising sykkelveg</i>	<i>6 409</i>		<i>6 409</i>	<i>6 409</i>	<i>-</i>
<i>Arbeid med planlegge/gjennomføre innkjøp vognmateriell</i>	<i>4 000</i>		<i>4 000</i>	<i>4 000</i>	<i>-</i>
<i>KDP Vest</i>		<i>12 000</i>	<i>12 000</i>	<i>12 000</i>	<i>-</i>
<i>Vedlikehald av investeringskarakter</i>		<i>50 000</i>	<i>50 000</i>	<i>-</i>	<i>50 000</i>
<i>Gangtilkomst til bybanehaldeplassar</i>		<i>11 100</i>	<i>11 100</i>	<i>11 100</i>	<i>-</i>
<i>Redusert uttak av bompengar</i>	<i>2 900</i>	<i>58 100</i>	<i>61 000</i>	<i>61 000</i>	<i>-</i>
Sum	80 487	633 400	713 887	614 924	98 963

Tabell 5 – Belønningsmidlar og regjeringa si bompenggeavtale (tal i heile 1000-kr)

Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk (Skyss)

Prognosen er redusert med 6 mill. sidan 1. tertial grunna forseinka oppstart på ny produksjon. Elles er prognosen i tråd med Skyss sin langsiktige plan for bruk av belønningsmidlar, jf. sak 50/24 i styringsgruppa.

Tilskot til reduserte billettprisar (Skyss)

Midlane blir brukt til reduksjon av pris på periodebillett i 2025.

Tilskot til betre kollektivtilbod

Årets løyving skal brukast i samsvar med tabell 5. Bruken av midlar vil vere i tråd med tidlegare vedtak i styringsgruppa, men grunna lang leveringstid på nødvendig utstyr vert midlar løyvd til *Vedlikehald av investeringskarakter* først nytta i 2026.

Belønningsmidlar til kommunane

Fylkeskommunen har sidan 1.tertial betalt ut 43 mill. i belønningsmidlar til kommunane, og det står att 16,3 mill. på fond hos fylket, øyremerkt kommunane. Utbetalinga er i tråd med kommunane sitt behov for 2025, rapportert til sekretariatet. Alver kommune har ikkje bedt om utbetaling i år, då dei nyttar midlar på eige fond (tidlegare utbetalningar) til å dekke aktivitet på sine prosjekt.

Tabell 6 gir ei detaljert oversikt over kva prosjekt kommunane nyttar belønningsmidlar til i år. Det er lite endringar sidan 1. tertial, og årsprognosen er på 82,6 mill. Avviket på 17 mill. svarer til dei samla fondsmidlane ved slutten av året. Tabell 7 viser korleis fondet fordelar seg mellom kommune og fylke ved årsslutt, gitt prognosen. Dei fleste kommunane planlegg å bruke opp belønningsmidlane som står på eigne fond innan utgangen av 2025.

Prosjekt	Fond kommune pr. 31.12.24	Midlar tilgjengeleg VLFK	Til disposisjon 2025	Årsprognose v/T2	Utbetaling 2025	Avvik 2025 (fond)
Belønningsmidlar Bergen	18 375	36 364	54 739	54 532	36 157	207
Oppfølging av handlingsplan for sykkelbuss i Bergen kommune				33 256		
Bysykelordningen i Bergen				5 200		
Tiltak i handlingsplan for gange				10 400		
Sykelbyavtale - Sykelbyen Bergen				1 720		
Kronstad - Haukeland vest sykkelkobling				270		
Tiltak i handlingsplan for gange - bygging				2 794		
Tiltak i handlingsplan for gange - plan				892		
Belønningsmidlar Alver	6 986	6 653	13 639	6 250	-	7 389
Strategiplan				300		
Prosjektutgreiing				-		
Sykkelpakke				450		
Fysiske tiltak				1 850		
Samlepott belønningsmidler Alver 2024				2 650		
Prosjektstilling og prosjektbistand i Alver				1 000		
Belønningsmidlar Askøy	2 068	7 342	9 410	3 328	1 260	6 082
Oppfølging av sykkelstrategi				328		
Planleggingsmidler Askøy kommune				3 000		
Belønningsmidlar Bjørnafjorden	4 071	4 477	8 548	7 571	3 500	977
Berekraftig og attraktivt Osøyro				463		
Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter differensiert standard				505		
Sykelstrategi for Bjørnafjorden kommune				568		
Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune				6 035		
Belønningsmidlar Øygarden	8 888	4 531	13 419	10 986	2 098	2 433
Fv Ågotnes Miljøgate				1 500		
Prosjekt "bysyklar" i regionsenteret				0		
Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret				420		
Fv 209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen				6 000		
Kampanje haldningsskapande arbeid				10		
Trafikkanalyse for regionsenter Straume				340		
Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet				740		
Trafikksikringsplan Øygarden				330		
Trygg sykkelparkering				18		
Arefjordsvegen				0		
Innfartsparkering Ågotnes				1 628		
SUM BELØNNINGSMIDLAR TIL KOMMUNANE	40 388	59 367	99 755	82 667	43 015	17 088

Tabell 6 – Prognose for prosjekt finansiert av belønningsmidlar (tal i heile 1000-kr)

Bergen kommune | Alver kommune | Askøy kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune

Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statens vegvesen | Statsforvaltaren i Vestland

Prognose fond 31.12.25	Bergen	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Øygarden	Sum
Kommune	-	736	-	-	-	736
VLFK	207	6 653	6 082	977	2 433	16 352
Sum	207	7 389	6 082	977	2 433	17 088

Tabell 7 – Prognose for belønningsmidlar på fond ved årsslutt (tal i heile 1000-kr)

Fylkeskommunalt bidrag

Tabell 8 viser ei oversikt over årsprognose for prosjekt finansiert av fylkeskommunale midlar. Nokre av prosjekta er også finansiert av statlege post 30-midlar. På desse prosjekta dekkar fylket kostnader knytt til MVA, plan og prosjektering ettersom det statlege tilskotet ikkje dekkar slike utgifter.

Sidan førre tertialrapport har Vestland fylkeskommune redusert årets løyving med 17 mill., og årsprognosen er justert ned med 11 mill. I tillegg har fylket sendt eit forslag til budsjettjustering ved 2. tertial, som skal opp til politisk behandling. Dersom dette blir vedteke, vil det føre til ei ytterlegare reduksjon av årets løyving med om lag 19 mill.

Prognosen for det fylkeskommunale bidraget er på om lag 232 mill. i 2025, med eit venta mindreforbruk på nesten 19 mill. i forhold til årets løyving. Fylket rapporterer at nokre av tiltaka har endra framdrift og forseinkingar. Om lag 9 mill. av mindreforbruket kjem av at utlysing av prosjekt er utsett, då det ikkje blei løyvd midlar over statsbudsjett 2025 til desse.

Dersom budsjettjusteringa blir vedteken, vil avviket bli tilnærma null, gitt årsprognose ved 2. tertial.

Prosjekt	PROGNOSE ÅRSREKNESKAP					Totalprognose prosjekt (2025-kr)	Forslag til budsjettjustering sendt til politisk beh.
	HP25-28 år 2025	Løyving 2025	Årsprognose v/T2	Avvik	Kommentar årsrekneskap frå byggherre		
Håkonshellavegen, Alvøen–Myrskjenet, gang- og sykkelveg	0	0	-7 500	7 500	Sluttoppgjer er slutført. Står att noko mindre arbeider. Totalprognose uendra.	120 000	- 7 500
Infrastruktur Paradis	0	0	-4 000	4 000	Tiltaket har som venta fått økt totalprognose. Det er utarbeidd eige notat som gjer greie for dette.	275 000	- 4 000
Apeltunvegen	32 354	16 510	16 500	10	Prosjekteringa har vore noko forsinka. Tiltaket har starta opp sommer 2025.	48 485	
Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien, sykkelfelt/fartspu	31 200	17 500	12 000	5 500	Forsinket utlysning og oppstart av prosjektet. Ventar byggestart hausten 2025.	63 671	- 5 500
Klostergaten, gateopprusting	10 400	7 500	7 500	0	Det er lagt opp til prosjektering og grunnnerv i 2025.	77 625	
Nonneseter	10 400	7 000	7 000	0		60 000	
Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	1 248	3 500	0	3 500	Avventar utlysing til det føreligg statleg løyving.		- 3 500
Etablering av trafikkikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	2 080	2 200	3 500	-1 300	Bygging pågår, forventet ferdigstillelse september 2026.	173 249	1 300
Ostereidet/Lindsdalen, fortau	1 134	5 570	0	5 570	Avventar utlysing til det føreligg statleg løyving.	33 958	- 5 570
Kleppevegen ved Myrane	0	-44 600	-39 600	-5 000	Viser til notat som vart lagt fram til styringsgruppa i 7/2-25 om varig mindreforbruk. Prognosen er i tråd med notatet, og er usikker fram til sluttoppgjeret er ferdigstilt.	217 000	5 000
Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	3 135	200	6 500	-6 300	Vegopning i august. Totalprognose oppretthaldast.	51 289	6 300
Manger kirke - Hesthaugen, fortau	0	1 240	480	760	Byggesøknad er godkjent. Tiltaket er lyst ut. Byggestart august/ september 2025. Sluttoppgjør er venta i 2026.	3 864	- 760
Trafikksikkerhet	26 520	25 500	30 600	-5 100	Endra framdrift på fleire tiltak i potten. Usikker prognose.		
Fremkommelighetstiltak sykkel	3 744	3 750	3 750	0			
Sykkeltelling i Bergensområdet	2 080	2 100	2 100	0			
Standardheving med vedlikeholdskarakter fylkesveg	55 224	76 000	77 404	-1 404	Endra framdrift er hovudårsaka til venta meirforbruk i 2025.		
Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar og åtferd	1 040	1 000	1 000	0			
Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2	41 600	41 600	41 600	0			
Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	20 800	18 000	18 000	0			
Gangveier til kollektivtraséer	10 504	10 100	5 000	5 100	Bergen kommune er byggherre. Forseinka oppstart på arbeidet.		- 5 100
Oppgradering holdeplasser	10 400	19 000	22 000	-3 000	Tiltak i Sædalen og Drottningsvik har fått auka omfang. Under denne potten finansieres Holdeplasser ved Sletten senter bybanestopp der det også er auka omfang grunna arbeid tett på bybanen. Blir bygd hausten 2025.		3 000
Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak	4 264	4 500	620	3 880	Eidsvågvegen byggast i 2025. Auka omfang grunna behov for parkeringsløysing.		- 3 880
Oppgradering signalanlegg og ASP	1 560	1 500	1 500	0			
Sentrum og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	1 040	500	500	0			
Drift av sekretariatet i Miljøloftet	10 608	10 600	9 800	800			
Reisevaneundersøkelsen (RVU)	1 352	1 350	1 350	0			
Prosjektering diverse fylkesveg og grunnnerv	5 304	0	1 065	-1 065	For Paradis byggetrinn 2 anslås eit behov på ca. 1 mill. i 2025.		1 000
Nordre Hauglandsveg, prosjektering	5 200	5 000	4 000	1 000	Pågår prosjektering og omregulering		
Ostereidet/Lindsdalen, prosjektering	0	430	1 250	-820	Auka kostnad for prosjektering.		
Skogsskiftet sentrum, prosjektering	6 240	8 000	4 125	3 875	Entreprisetypen er endret fra enhetspris til totalentreprise - og det går dermed mindre pengar til prosjektering inneverande år enn forutsatt.		
Leknesvegen, prosjektering	0	0	650	-650	Klargjør prosjektering, byggesøknad og konkurranseokument. Midlar til bygging først i 2026.		
Storetveitvegen, Hagerups vei-Minde Allé, prosjektering	4 160	4 000	3 000	1 000	Klargjør prosjektering, byggesøknad og konkurranseokument. Midlar til bygging først i 2026.		
Hilland i Alver kommune, kryssløsning, prosjektering	0	1 000	0	1 000	Usikkerheit knytt til kva innholdet i tiltaket er.		
Sum fylkeskommunalt bidrag	303 591	250 550	231 694	18 856		1 124 141	- 19 210

Tabell 8 - Prognose for prosjekt finansiert av fylkeskommunalt bidrag (tal i heile 1000-kr)

Bypakke Bergen

Tabell 9 gir ei oversikt over Bypakke Bergen, med venta bompengelinntekt og prognose for rekvirering av midlar til dei bompengefinansierte prosjekta. Fylkeskommunen og Ferde har levert informasjon om inntekter og kostnader, som ligg til grunn for tabellen.

Prognose for brutto bompengelinntekt i 2025 er om lag 1,1 mrd. Prognosen bygger på ei venta årsdøgntrafikk (ÅDT) på 261 000, som er 5 000 høgare enn det som låg til grunn i handlingsprogram 25-28. Gjennomsnittstaksten er venta å bli 11,60 kr., mot 12 kr. i handlingsprogrammet.

Prosjekt som blir finansiert av bompengar i år er *Bybanen BT5 prosjektering og grunnnervv*, *Bybanen BT5 reguleringsplanarbeid*, *Bybanen BT4* og *Hjellestadvegen*, med ei samla årsprognose på 116 mill. Netto bompengelinntekt er venta å vere 876 mill., noko som gir ein saldo på 760 mill. ved årsslutt. Gjelda i Bypakke Bergen var på 4,5 mrd. ved utgangen av 2024.

OVERSIKT BYPAKKE BERGEN				
Bypakke Bergen 2025	HP25-28 år 2025	Årsprognose v/T2	Avvik	Kommentar
Brutto bompengelinntekt	-1 167 000	- 1 105 074	-61 926	I HP25-28 var det lagt til grunn ein gjennomsnittstakst på 12kr og ein ÅDT på 256 000 i 2025. Prognosen pr. 2. tertial for brutto bompengelinntekter legg til grunn at snittet for ÅDT er 261 000 i 2025, og at realisert gj.sn.takst blir 11,60 kr.
Netto drifts- og finanskostnader	287 000	229 000	58 000	
Netto bompengelinntekt	-880 000	-876 074	-3 926	
Bybanen BT5 prosjektering og grunnnervv	-	87 550		Prognose på venta uttak av bompengar for 2025 og etterslep knytt til rekvirering i frå 2024.
Bybanen BT5 reguleringsplanarbeid	-	25 000		Prognose på venta uttak av bompengar i 2025 i høve til info frå Bergen kommune.
Bybanen BT4	-	5 700		Endeleg avrekning knytt til finansiering av tiltaket.
Hjellestadvegen	-	2 000		Venta avrekningsnivå knytt til finansiering av tiltaket.
Sum rekvirering av bompengar til bompengefinansierte prosjekt	-	116 250		
Netto bompengelinntekt etter rekvirering av bompengar		-759 824		Prognosen syner at rekvireringsbehovet for 2025 er om lag 760 mill. lågare enn prognosen for netto bompengelinntekter.

Tabell 9 - Oppsummeringstabell Bypakke Bergen (tal i heile 1000-kr)

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa ser at resultata er betra samanlikna med tidlegare og tek elles saka til orientering.

Bergen kommune | Alver kommune | Askøy kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune
Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statens vegvesen | Statsforvaltaren i Vestland